



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
22/207352-4

Dykkar referanse:  
22/5540

Vår dato:  
20.07.2023

### Uttale til offentlig ettersyn og høyring – Detaljregulering for Manger – gnr. 445 bnr. 84, 506 m.fl. PlanID 4631 2022007 Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, datert 29.06.2023 – Offentleg ettersyn og høyring av detaljreguleringsplan for Manger, gnr. 445 bnr. 84 , 506 m.fl. PlanID 4631 2022 007. Høyringsfrist er 26.08.2023.

#### Saksopplysningar:

Av høyringsbrevet går det fram:

*#På oppdrag frå Helland Eigedom & Invest AS legg Arkoconsult AS fram forslag til reguleringsplan for Manger, gbnr. 445/84, 506 mfl. Planområdet er på om lag 10 daa og omfattar i hovudsak to eigedommar aust i Manger sentrum. Planforslaget hovudintensjon er å legge til rette for konsentrert busetnad med totalt 30 nye bueiningar fordelt på to felt. Eksisterande busetnad er tenkt rive. Tilkomst til begge felta er tilrettelagt med fortau og går via krysset frå fylkesveg 525 mot Rema 1000. Planen regulerer også ny tilkomst til deler av busetnaden i Hesthaugen.*

*Før offentlig ettersyn er situasjonsplan, planskildring og sol/skugge-analyser revidert og nye illustrasjonar og snitt lagt til planframlegget, i tråd med vedtaket. Fram mot 2. gongs handsaming vil det mellom anna bli arbeida meir med kvalitet i uteoppfallsareal og estetikk, jf. saksframlegg ved offentlig ettersyn.»*

#### Statens vegvesen si rolle i planarbeidet

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeid er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

## Uttale

Statens vegvesen gav uttale til melding om oppstart av reguleringsarbeidet den 08.11.2022. Som det går fram av brevet har Statens vegvesen isolert sett ikkje vesentlege merknader til det planlagde bustadprosjektet. Om dei trafikale tilhøva ligg til rette for å byggje 30 nye bustadar her på noverande tidspunkt, er eit anna spørsmål. Vegvesenet viste i si uttale til kommunen sitt krav om at reguleringsarbeidet må sjåast i samanheng med andre planar i området. Det vart påpeikt at tilbodet til mjuke trafikantar langs fylkesvegnettet pr. i dag er meir eller mindre fråverande og at ein på bakgrunn av dette må vurdere planarbeidet i høve til Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP), og i lys av kva kvalitetskrav ny KPA vil legge opp til med omsyn til vidare arealutvikling på Manger.

Saman med dei andre plandokumenta følgjer merknadsskjema der plankonsulent kommenterer vegvesenet si uttale. Her vert det vist til at det er gjort ei vurdering av planforslaget opp mot statlege planretningslinjer for samordna bustadplanlegging i planskildringa kap. 4.5

Detaljreguleringa i hovudsak er i samsvar med overordna kommunedelplan for Radøy der planområdet ligg som byggeområde for bustad og at det i denne planen er lagt føringar for konsentrert/høg utnytting i Manger. Planskildringa synleggjer godt kva servicetilbod som er å finne på Manger. Det vert opplyst at det går buss til Knarvik stor sett ein gang i timen, men at busstilbodet laurdag og søndag er meir avgrensa.

Når det gjeld trafikkauke vert det vist til berekningar der ein har lagt til grunn 4–5 køyringar per bueining pr. døgn, noko som etter Statens vegvesen si vurdering er relativt høgt. Spesielt med tanke på at det samtidig vert vist til at lokaliseringa av utbyggingsprosjektet like ved sentrum gjer at ein har dei fleste tilbod innan gå avstand og at ein derfor ser at behovet for bilen vert redusert.

## Oppsummering

Det planlagde bustadprosjektet er i hovudsak i tråd med overordna kommunedelplan for Radøy. Denne planen opnar for urban utbygging med høg utnyttingsgrad i Manger sentrum, noko framlegget til reguleringsplan også gjer. Det er i planframlegget synleggjort mange kvalitetar ved Manger sentrum som ramme for eit godt bustadmiljø. Vi legg til grunn at Vestland fylkeskommune gjer ei vurdering av trafikale løysingar knytt til fylkesveg 525.

På eit meir overordna nivå har også Statsforvaltaren i Vestland i uttale til oppstart sagt at det er behov for vurderingar knytt til lokalisering. Det er peikt på at sjølv om arealet ligg i eit lokalsenter i kommunen, må ein i planarbeidet vurdere om planen vil støtte opp om Statlege planretningslinjer for bustad-, areal-, og transportplanlegging. Dette viser plankonsulent til at er gjort i planskildringa kap. 4.15. Statens vegvesen meiner denne vurderinga kunne vore betre. Det vert vist til at tilrettelegging for bruk av sykkel er eit grep som kan redusere behovet for bil. Temaet trafikktryggleik knytt til det manglande tilbodet til mjuke trafikantar på fylkesvegnettet, (spesielt nord for Manger sentrum) er etter det vi kan sjå ikkje omtalt.

Å kunne ferdast trygt er ein føresetnad for å velje alternativ transport utanfor sentrumskjerna.

Transportforvaltning  
Med helsing

Olav B. Aga  
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER